



ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2022 - GENERELL INFORMASJON

Enheten

Organisasjonsnummer: 937 896 581
Organisasjonsform: Sparebank
Foretaksnavn: HJELMELAND SPAREBANK
Forretningsadresse: Prestagarden 3
4130 HJELMELAND

Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2022 - 31.12.2022

Konsern

Mørselskap i konsern: Ja
Konsernregnskap lagt ved: Ja

Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Forenklet IFRS
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Forenklet IFRS

Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Lasse Svensen
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 31.03.2023

Grunnlag for avgivelse

År 2022: Årsregnskapet er elektronisk innlevert
År 2021: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2022

Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.

Brønnøysundregistrene, 21.07.2024



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar	18	92 726 000	70 518 000
	18	5 373 000	2 150 000
Sum renteinntekter og liknande inntekter		98 099 000	72 668 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar	18	42 551 000	24 665 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader		42 551 000	24 665 000
Netto renteinntekter		55 548 000	48 003 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	20	14 539 000	18 701 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	20	2 332 000	1 907 000
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre egenkapitalinstrument	20	7 160 000	6 032 000
Sum utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		7 160 000	6 032 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat	20	-3 871 000	-13 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		-3 871 000	-13 000
Andre driftsinntekter	20	557 000	336 000
Lønn og andre personalkostnader	21	26 278 000	18 419 000
Andre driftskostnader	22	23 151 000	17 920 000
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivningar	32	495 000	1 120 000



Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		-495 000	-1 120 000
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekt	11	13 752 000	3 782 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir		13 752 000	3 782 000
Resultat før skatt frå vidareført verksemd		7 925 000	29 911 000
Skatt på resultat frå vidareført verksemd	24	937 000	6 023 000
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd		6 988 000	23 888 000
Resultat før andre inntekter og kostnader		6 988 000	23 888 000
Andre inntekter og kostnader			
Øvrige andre inntekter og kostnader	29	23 569 000	1 825 000
Sum andre inntekter og kostnader		23 569 000	1 825 000
Totalresultat for rekneskapsåret		30 557 000	25 713 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar	25-26	68 724 000	3 946 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak til verkeleg verdi	25-26	68 671 000	165 496 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsforetak		68 671 000	165 496 000
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til amortisert kost	6-11,25-26	2 695 000 000	2 758 029 000
Sum utlån og krav på kundar		2 695 000 000	2 758 029 000
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi	27	266 733 000	263 287 000
Sum renteberande verdipapir		266 733 000	263 287 000
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	28-29	150 985 000	113 652 000
Eigarinteresser i konsernselskap			
Eigarinteresser i konsernselskap	31	2 406 000	5 235 000
Varige driftsmiddel			
Andre varige driftsmiddel	32	6 195 000	6 383 000
Sum varige driftsmiddel		6 195 000	6 383 000
Andre egedelar			
Andre egedelar	33	6 606 000	5 297 000
Sum andre egedelar		6 606 000	5 297 000
Anleggsmiddel og avhendingsgrupper holdt for salg			
SUM EIGEDELAR		3 265 320 000	3 321 325 000



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL			
GJELD			
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak			
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak til amortisert kost	34	150 960 000	150 320 000
Sum innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak		150 960 000	150 320 000
Innskott og andre innlån kunders			
Innskott og andre innlån fra kunder til amortisert kost	35	2 212 101 000	2 167 362 000
Sum innskott og andre innlån fra kunder		2 212 101 000	2 167 362 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost	36	401 933 000	525 950 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir		401 933 000	525 950 000
Finansielle derivat			
Anna gjeld			
Anna gjeld	37	16 569 000	12 097 000
Avsetjingar			
Pliktar ved periodeskatt	24	1 789 000	6 478 000
Andre avsetjingar	6,10-11	2 067 000	700 000
Sum avsetjingar		3 856 000	7 178 000
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost	36	30 176 000	30 095 000
Sum ansvarleg lånekapital		30 176 000	30 095 000
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		2 815 595 000	2 893 002 000
EIGENKAPITAL			



Balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital	39	111 770 000	111 770 000
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis	39	-700 000	-700 000
Overkursfond	39	1 125 000	1 125 000
Fondsobligasjonskapital	38	35 279 000	35 000 000
Sum innskoten egenkapital		147 474 000	147 195 000
Opptent egenkapital			
Fond for urealiserte vinster		54 796 000	31 228 000
Sparebanken sine fond		152 300 000	150 206 000
Gåvefond		7 965 000	8 030 000
Utjammingsfond		87 143 000	91 664 000
Annan egenkapital		47 000	
Sum opptent egenkapital		302 251 000	281 128 000
Sum egenkapital		449 725 000	428 323 000
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		3 265 320 000	3 321 325 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
RESULTATREKNESKAP			
Renteinntekter og liknande inntekter			
Renteinntekter berekna etter effektivrentemetoden av utlån til og krav på kundar	18	92 726 000	72 273 000
		4 912 000	
Sum renteinntekter og liknande inntekter		97 638 000	72 273 000
Rentekostnader og liknande kostnader			
Rentekostnader berekna etter effektivrentemetoden på innskot frå og gjeld til kundar	18	42 485 000	24 575 000
Sum rentekostnader og liknande kostnader		42 485 000	24 575 000
Netto renteinntekter		55 153 000	47 698 000
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	20	14 539 000	18 701 000
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	20	2 332 000	1 907 000
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument			
Inntekter av aksjar, partar og andre egenkapitalinstrument	20	7 160 000	6 032 000
Sum utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		7 160 000	6 032 000
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument			
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle derivat	20	-3 871 000	-13 000
Sum netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument		-3 871 000	-13 000
Andre driftsinntekter	20	11 331 000	13 140 000
Lønn og andre personalkostnader	21	32 211 000	24 881 000
Andre driftskostnader	22	27 808 000	22 951 000
Av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle eigedelar			
Avskrivningar	32	832 000	1 458 000



Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Sum av-/nedskrivningar, verdiendringer og vinst/tap på ikkje-finansielle egedelar		-832 000	-1 458 000
Kredittap på utlån, garantiar m.v. og renteberande verdipapir			
Kredittap på utlån målt til amortisert kost eller verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekt	11	13 755 000	3 783 000
Sum kredittap på utlån, garantiar og renteberande verdipapir		13 755 000	3 783 000
Resultat før skatt frå vidareført verksemd			
Skatt på resultat frå vidareført verksemd		855 000	6 176 000
Resultat etter skatt frå vidareført verksemd	24	6 519 000	24 402 000
Resultat før andre inntekter og kostnader		6 519 000	24 402 000
Andre inntekter og kostnader			
Øvrige andre inntekter og kostnader	29	23 569 000	1 825 000
Sum andre inntekter og kostnader		23 569 000	1 825 000
Totalresultat for rekneskapsåret		30 088 000	26 227 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
BALANSE - EIGEDELAR			
Kontantar og kontantekvivalentar	25-26	68 724 000	3 946 000
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak			
Utlån til og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak til verkeleg verdi	25-26	68 671 000	165 496 000
Sum netto utlån og krav på kredittinstitusjonar og finansieringsføretak		68 671 000	165 496 000
Utlån og krav på kundar			
Utlån og krav på kundar til amortisert kost	6-11,25-26	2 685 263 000	2 747 895 000
Sum utlån og krav på kundar		2 685 263 000	2 747 895 000
Renteberande verdipapir			
Renteberande verdipapir til verkeleg verdi	27	266 733 000	263 287 000
Sum renteberande verdipapir		266 733 000	263 287 000
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument			
Aksjar, partar og andre eigenkapitalinstrument	28-29	150 985 000	113 652 000
Varige driftsmiddel			
Andre varige driftsmiddel	32	16 440 000	16 934 000
Sum varige driftsmiddel		16 440 000	16 934 000
Andre egedelar			
Andre egedelar	33	10 442 000	9 182 000
Sum andre egedelar		10 442 000	9 182 000
SUM EIGEDELAR		3 267 258 000	3 320 392 000

BALANSE - GJELD OG EIGENKAPITAL

GJELD



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak			
Innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak til amortisert kost	34	150 960 000	150 320 000
Sum innlån fra kredittinstitusjoner og finansieringsforetak		150 960 000	150 320 000
Innskot og andre innlån kunder			
Innskot og andre innlån fra kunder til amortisert kost	35	2 211 680 000	2 166 104 000
Sum innskot og andre innlån fra kunder		2 211 680 000	2 166 104 000
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir			
Gjeld stifta ved utskriving av verdipapir til amortisert kost	36	401 933 000	525 950 000
Sum gjeld teken opp ved utskriving av verdipapir		401 933 000	525 950 000
Finansielle derivat			
Anna gjeld			
Anna gjeld	37	19 507 000	14 614 000
Avsetjingar			
Pliktar ved periodeskatt	24	1 789 000	6 644 000
Andre avsetjingar	6,10- 11	2 067 000	781 000
Sum avsetjingar		3 856 000	7 425 000
Ansvarleg lånekapital			
Ansvarleg lånekapital til amortisert kost	36	30 176 000	30 095 000
Sum ansvarleg lånekapital		30 176 000	30 095 000
Fondsobligasjonskapital			
Sum fondsobligasjonskapital		0	0
Sum gjeld		2 818 112 000	2 894 508 000
EIGENKAPITAL			
Innskoten egenkapital			
Aksjekapital/eigarpartskapital	39	111 770 000	111 770 000
Behaldning av egne aksjar/eigenkapitalbevis	39	-700 000	-700 000
Overkursfond	39	1 125 000	1 125 000



Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2022	2021
Fondsobligasjonskapital	39	35 279 000	35 000 000
Sum innskoten egenkapital		147 474 000	147 195 000
Opptent egenkapital			
Fond for urealiserte vinster	39	54 796 000	31 228 000
Sparebanken sine fond	39	150 395 000	146 176 000
Gåvefond	39	7 965 000	8 030 000
Utjammingsfond	39	88 469 000	93 255 000
Annan egenkapital	39	47 000	
Sum opptent egenkapital		301 672 000	278 689 000
Sum egenkapital		449 146 000	425 884 000
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		3 267 258 000	3 320 392 000



[Admincontrol](#)

List of Signatures Page 1/1

Årsregnskap_2022.pdf

Name	Method	Signed at
Steine, Laila	BANKID	2023-03-31 08:34 GMT+02
Gabnelsen, Per-Magne	BANKID MOBILE	2023-03-31 08:02 GMT+02
Tjelmeland, Liv Jorunn	BANKID MOBILE	2023-03-31 07:38 GMT+02
Lundbakk, Øyvind Ravnås	BANKID	2023-03-30 22:19 GMT+02
Lie, Tor Egil	BANKID MOBILE	2023-03-30 20:40 GMT+02
Tjensvold, Bjørn	BANKID MOBILE	2023-03-31 09:22 GMT+02
Tungland, Øystein Bergøy	BANKID	2023-03-31 08:37 GMT+02



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

External reference: 6361DCC7956F40B3B5098E7155C8478D



ÅRSRAPPORT 2022

115.forretningsår



**Hjelmeland
Sparebank**

1




This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC70126F405325398E7156C8475D



Innhold

3	Nøkkeltal
4	Årsmelding
19	Resultatrekneskapen
20	Balansen
21	Kontantstraumanalyse
23	Noter
69	Revisor si melding



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7016F40E325398E7156C8475D



NØKKELTAL

Nøkkeltall er annualisert der ikkje anna er spesifisert	2022	2021
Resultat		
Kostnader i % av totale inntekter (eskl. VP)	73,08 %	57,50 %
Andre inntekter I % av totale inntekter (eskl. VP)	18,89 %	28,30 %
Innskuddsmargin hittil i år	0,89 %	-0,20 %
Utlånsmargin hittil i år	1,26 %	2,10 %
Netto rentemargin hittil i år	1,64 %	1,40 %
Egenkapitalavkastning ¹	7,57 %	6,70 %
¹ Basert på totalresultat, egenkapitalen er justert for hybridkapital		
Balanse		
Andel av utlån til BM av totale utlån på balansen	24,40 %	26,00 %
Andel lån overført til EBK - kun PM	30,10 %	29,00 %
Innskuddsdekning	81,30 %	78,00 %
Innskuddsvekst (12 mnd)	2,10 %	6,30 %
Utlånsvekst (12 mnd)	-2,10 %	1,60 %
Utlånsvekst inkl. EBK (12 mnd)	-0,40 %	4,10 %
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK)	3.368.801	3.328.392
Gjennomsnittlig forvaltningskapital (GFK) inkl. EBK	4.271.990	4.128.930
Nedskrivninger på utlån og mislighold		
Resultatførte tap i % av gjennomsnittlig brutto utlån	0,50 %	0,14 %
Tapsavsetninger I % av brutto utlån	1,00 %	0,80 %
Soliditet¹		
Ren kjernekapitaldekning	17,66 %	17,48 %
Kjernekapitaldekning	19,55 %	19,37 %
Kapitaldekning	21,28 %	21,10 %
Uvektet kjernekapitalandel	9,84 %	9,69 %
¹ Inklusiv konsolidering av samarbeidsgrupper		
Likviditet		
LCR	231	398
NSFR	131	118



Årsmelding for året 2022

Norsk økonomi

Starten av 2022 med gjenopning av samfunnet og avviking av smitteverntiltak, låg mykje til rette for aukt konsum og meir normal drift i mange av næringane som blei hardt ramma av Korona restriksjonar. Mykje av innhentinga etter pandemien var unnagjort hausten 2021, men grunna begrensa aktivitet i 2021, vart det betydeleg overheng inn i 2022.

Sysselsetjinga tok seg raskt opp etter pandemien, og har vokse sidan andre halvdel av 2021. Arbeidsløysa har vore på eit lågt nivå i inneverande år. Arbeidsløysa var frå april-mai nede på 3,1%, men auka noko mot slutten av året til 3,4% i desember.

2022 har vore eit år kor aukte prisar og utgifter har påverke sluttforbrukar. Samfunnet har vore prega av krigen i Ukraina, som gir lågare utsikter for vekster for Noreg sine handelspartnerar. Dette igjen vil leggja ein dempar på norsk økonomi. Straumprisen har i snitt vore rundt to kroner kilowatttime i store deler av landet, noko som er omlag 20 gonger høgare enn snittprisen i 2020.

Mellom november 2021 og november 2022 har matvareprisane auka med over 10%, og det er forventa at prisane kjem til å auka ytterlegare i 2023. Styringsrenta gjekk frå 0,5 i desember 2021, til å enda på 2,75 i desember 2022. Dette har ført til fleire rentehevingar i bankane.

Hjelmeland Sparebank har merka noko, men ikkje store endringar, i kundane sitt betalingsmonster i løpet av 2022. Privatkundar i banken har bedt om noko meir avdragsfriheit på sine lån i år enn tidlegare år, men ligg om lag på same nivået som i 2021 når Korona prega samfunnet. Me ser derimot at den økonomiske evna til å bære lån er redusert, og banken har måtta gje fleire avslag grunna økt pris- og rentenivå i 2022.

På nærings sida har banken spesieilt eit engasjement som særleg er berørt av auka oljepris og selskapet si drift blir vurdert til å vera kritisk, som igjen fører til at banken har bokført større tap enn budsjettert. Utover det konkrete engasjementet, er også nedskrivningar i Steg 1 og Steg 2 auka som ein konsekvens av ein justering av makroøkonomiske faktorar i modellberekningane.

Ein vesentleg del av portefølja er eksponert mot landbruk. Her har krigen i Ukraina ført til blant anna høgare prisar på straum, gass og kunstgjødsel. Slik våre kundar driv har dei i stor grad tilgang på naturgjødsel, og vil dermed ikkje ha det same behovet for kunstgjødsel som for eksempel kornbønder.

Hjelmeland Sparebank er ikkje direkte påverka av konflikten i Ukraina eller endringar i klima, i nokon større grad enn det som er på makro nivå elles i Noreg slik me vurderer dette. Banken har heller ingen kundeengasjement som blir vurdert å vera direkte påverke av krigen i Ukraina eller endringar i klima.

Bustadprisane og kor lang tid det tar å selja ein bustad har også i 2022 vore relativt stabilt i Ryfylke. Det har vore noko færre bustadar ute for sal, og dei har låge ute om lag 60 dagar før dei er blitt selt. Me må tilbake til 2007 for å finna tilsvarende tall.

Til tross for auka prisar og rentehevingar har husholdningkonsumet auka betydeleg i 2022. Husholdningane har spart mykje under pandemien, slik at dei har kunne tæra på dei oppsparte midlane i 2022. Ringverknadane av auka prisar forventar me vil kunne komma i første halvdel av 2023. Banken og rådgjevarande må følge kundane nøye i tida framover og 2023 kjem til å krevje tett dialog med kundane, evaluering av risiko og omstillingsevne.

Bytte av kjernebankløyning

18- 20. november bytta banken kjernebankløyning frå SDC (som er dansk) til TietoEvry (Norsk) saman med fem andre bankar i Eika alliansen.





Bytet er gjort for å få reduserte IT-kostnader i framtida, auka strategisk fleksibilitet for ytterlegare samarbeid og partnerskap i den norske marknaden, styrka innovasjons- og utviklingskraft, samt å gi meir robuste og forutsigbare kjerneleveransar. Det vart gjennomført 3 prøvekonverteringar, og etter sommaren og fram til årsskiftet har det gått med om lag 2.100 timar av våre Interne ressursar til prosjektleding, ryddejobbar, opplæring og testing.

Det er viktig å informera kundane på ein god måte når det kjem nye løysingar, og det vart gjort ved å informera via SMS, Facebook, heimeside, brev, nett- og mobilbank. Det var forventa auke i kundehevendingar i ein slik situasjon, og det blei det. Alle i banken bidrog til at svartida skulle bli minimal, og dette blei løyst på ein god måte. Dette har gått ut over den proaktive aktiviteten som me kunne tenkt oss å gjennomført i perioden.

Konverteringa har totalt sett gått bra, for både kundar og ansatte.

Lokalsamfunnet

Infrastrukturen i Ryfylke er blitt vesentleg forbetra blant anna gjennom opning av tunnelen Ryfast, auka beviljingar til R13 og ny kraftlinje under bygging frå Dalen i Strand via Veland til Hjelmeland. Det er i tillegg ei rekke industriprosjekt under planlegging som ammoniakfabrikk i Sauda, landbasert oppdrett i Hjelmeland, produksjon av flytande havvind element i Suldal og drone testsenter i Strand. Samla sett er det forventa auka aktivitet i næringslivet og auka etterspurnad etter bustadar i åra som kjem. Me trur det er viktig at me evnar å utvikla oss økonomisk og fagleg slik at me kan vera ein positiv og nyttig bidragsytar i denne fasen. Banken har dei seinare åra hatt fokus på kompetanseutvikling. Saman med våre tilsette, samarbeidspartnarar og god oppslutnad frå våre lokalsamfunn skal me medverka til eit lokalsamfunn i framgang og utvikling.

Strategi og strategisk samarbeid

Hjelmeland Sparebank er ein sjølvstendig bank med lokal forankring i Ryfylke. Me har hovudkontor på Hjelmeland, samt sals-/avdelingskontor på Jørpeland, Tau, Finnøy og Sand. Banken vil vera til stade for kundane med lokalkunnskap og lokal tilhøve. Hjelmeland Sparebank har god marknadsposisjon i Ryfylke.

Hjelmeland Sparebank er samlokaliserte med Ryfylke Eiendomsmegling AS (Aktiv Jørpeland) på Jørpeland.

Ryfylke Eiendomsmegling AS inngår som ein del av konsernet Hjelmeland Sparebank der banken eig 70% av selskapet. Ryfylke Eiendomsmegling AS har bygd opp eit godt rykte, og står i dag fram som den fremste meklaren i Ryfylke.

Vår visjon «Alltid tett på» underbygger ynskje og målet å vera til stade for kundane der del er og vil vera med å bygga opp gode kunderelasjonar.

Eigedom-, byggje- og anleggssektoren

Om lag 8 % av banken sine utlån er gitt i eigedom-, byggje- og anleggssektoren. Det er den største konsentrasjonen mot ei bransje. Hovudtyngden her er i Hjelmeland og Strand, og signala me får er at det er framleis høg aktivitet og sysselsetting. Fleire bedrifter slit med å få tak i nok kvalifiserte fagfolk, noko som gjenspeiler arbeidsmarknaden. I vår region foregår der stor bustadbygging i Strand kommune, og deler av dette tek også Hjelmeland Sparebank del i.

Havbruksnæringa

Det er stor aktivitet i vårt område både innanfor tradisjonelt oppdrett i sjø, og ikkje minst når det gjeld framtidige smoltanlegg på land. Åndal Aqua som er under bygging er eit godt eksempel på dette. I tillegg så har utvidinga av slakteriet og foredlingskapasiteten på Mowl Sør silt anlegg på Ryfisk i Hjelmeland skapt mange trygge arbeidsplassar.

Det er ingen tvil om at havbruksnæringa sysselset svært mange i vår region, både direkte og indirekte.



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7016F43B325398E7156C8476D

Jordbruket

Landbruket er framleis ei stor og viktig næring i vår region. Gardane her er mindre enn i andre deler av landet, så det er svært vanleg at i alle fall at ein av ektefellen har lønna arbeid utanom. Mjølkeproduksjonen er framleis viktig, men me ser ein klar tendens til at dei mjølkebruka som er att blir større og at dei minste bruka sel mjølkekvotane eller leiger dei ut. Det som også kjenneteiknar jordbruket i vårt område er at det ofte er fleire ulike produksjonar på kvar gard.

Ei voksende næring er fruktdyrking. Den største kommunen i Rogaland på fruktdyrking er Hjelmeland. Mange fruktbønder er svært framoverlente og fleire har i tillegg til tradisjonell produksjon også starta å laga cider kor nokre av desse sortane alleneie kan kjøpast på Vinmonopolet. Organiserte turar for å få ei oppleving er eit anna eksempel på at ein gjer noko meir utav garden sin. Det blir spennande å følge dette framover.

Til tross for at jordbruksoppgjeret i 2022 vart betre enn på mange år så har utgiftene til både kraftfor, gjødsel, straum og andre innsatsfaktorar auka minst tilsvarande.

Den pågåande krigen i Ukraina har minna oss om kor så bart dette med mattryggleik kan vera. Fleire har fått augene opp for kor viktig det kan vera å produsera mat lokalt og i større grad vera sjølvforsynte. Ut frå dette perspektivet så bør det framleis vera grunnlag for norsk jordbruk.

Reiselivet i Ryfylke

Etter pandemien og restriksjonane, har reiselivet i Ryfylke i 2022 merks ein betrakteleg betring på besøkstala, særleg frå det internasjonale marknaden.

Naturen er den viktigaste kjelda vår, men opplevingar i området, som lokal historie, fjordsightsceing, guida turar og lokal mat og drikkje har vore etterspurt.

Lokalmarknaden har vore flinke å bruka Ryfylke og attraktiviteten har auka i helle regionen, og det er ingen tvil om at Ryfast tunnelen har vore ein viktig faktor.

Lokal eplestider i verdensklasse, eplesafari, fjordcruise, gardsbutikkar og gode restaurantar har blomstra.

Optimismen i reiselivet er stor, og alle riggar seg for ein ytterlegare vekst i 2023 sesongen.

Merkevara Ryfylke - Ryfylkealliansen

Ryfylkealliansen er ei foreining som gjennom langsiktig merkevarebygging skal fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke. Alliansen dekker banken sitt nedslagsområde, Hjelmeland, Forsand, Strand, Finnøy, Suldal og Sauda.

Hjelmeland Sparebank har i fleire år sponsa og vore ein stolt medspelar av Ryfylkequizen. Quiz for 8-klassingar kor alle skulane i Ryfylke er representert. Quizen handlar om kunnskap om Ryfylke.

Merkevara Ryfylke og Ryfylkealliansen skal stimulera helle regionen til å hausta meirverdi og fordelar av dette fellesskapet. Hjelmeland Sparebank var vinnar av Merkevareprisen Ryfylke tilbake i 2015.



Bankdrifta

Generelt

Når næringslivet går relativt godt og det er tilnærma full sysselsetting, ligg det til rette for at bankdrifta også kan bli bra.

Den underliggande drifta blir vurdert som god og me arbeider med å ha ei rasjonell drift.

Banken etterlever og reviderer årleg rutinar for styring og kontroll, og alle naudsynte dokument er etablerte.

6



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8351DCC7016F43B325398E4156C8476D



Kostnad med funding, hybridkapital og konkurransen på rentenivå, både på innskot og utlån er framleis slik at banken har ein låg rentenetto. Me ser ei positiv utvikling i rentenetto.

Tapsengasjement

Det er gjennom året halde fokus på tapsutsette og misleghaldne engasjement.

Volum på misleghaldne engasjement over 90 dagar er ved utgangen av året auka, då særleg med bakgrunn i eit større BM engasjement.

Organisering

Banken har ei leiargruppe som omfattar banksjef, leiar kundemarknad og leiar intern. Banksjef har overordna ansvar for drifta. Leiar kundemarknad har ansvar for all kredittgjeving og tilhøyrande risiko innan sine område. Leiar Intern har ansvar for økonomi- og rekneskap, samt det overordna personalansvaret. I den utvida leiargruppe er leiar kundesenter og salsleiar også med.

Kompetansefremjande tiltak

For å kunna yta fullgod økonomisk rådgjeving er det vesentleg at rådgjevarane har god fagleg kompetanse, både produktkunnskap og kompetanse om kva ansvar som kviler på den enkelte ved økonomisk rådgjeving. Hjelmeland Sparebank har fokus på å gi alle kundane heilhetleg økonomisk rådgjeving, ut i frå kundanes livssituasjon. Rådgjevarane har også i 2022 gjennomført oppdateringsprøver i høve til gjeldande regelverk.

Banken sine tilsette deltek gjennom heile året på ulike kurs, webinarer og autorisasjonar for å halde seg oppdaterte på fagområda i banken.

Eika Alliansen

Hjelmeland Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS. Eika Alliansen består av fleire enn 50 lokalbankar, Eika Gruppen og Eika Boligkreditt. Eika Alliansen har ein samla forvaltningskapital på over 400 milliardar kroner og om lag 2500 tilsette. Dette gjer Eika Alliansen til ein av dei største aktørane i den norske bankmarknaden. Med 171 bankkontor i 114 kommunar er alliansen til stades med rådgjevar nær kundane. Dette er ikkje minst viktig for næringslivet si verdiskaping og arbeidsplassane i mange norske lokalsamfunn.

Lokalbankane som styrker lokalsamfunnet

Lokalbankane i Eika Alliansen bidreg til økonomisk vekst og tryggleik for privatkundar og lokalt næringsliv i mange norske lokalsamfunn ved å vera fysiske til stades i lokalsamfunna der kundane bur, med rådgjevarar som har eit personleg engasjement for den enkelte personkunden og det lokale næringslivet. Saman med smarte løysingar og den digitale kvardagsbanken gir dette kundane unike kundeopplevingar. Det er den samla kundeopplevinga som er lokalbanken sitt viktigaste konkurransefortrinn og som har gjort at lokalbankane i Eika Alliansen har blant landet sine mest tilfredse kundar både i personmarknaden og bedriftsmarknaden.

Eika Gruppen styrker lokalbankane

Eika Gruppen si kjerneverksemd er å sikra lokalbankane moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og kostnadseffektive produkt- og tenesteleveransar. Leveransane inkluderer ei komplett plattform for bankinfrastruktur inkludert IT og betalingstenester.

Gjennom året har Eika Gruppen gitt bankane i alliansen effektive og trygge IT-løysingar og infrastruktur både til bankane og kundane. Løysingane har vist seg å vera robuste og vera effektive samhandlingsverktøy som har sikra tilnærma normal drift, også når medarbeidarar er på heimekontor.

Produktselskapa i Eika Gruppen - Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring - leverer eit bredt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande tenester. Eika Kundesenter og Eika Servicesenter leverer tenester som sikrar lokalbankane auka tilgjenge og effektiv kommunikasjon med kundane.

7



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
8351DCC7016F43B325398E7156C8475D

Utover disse leveransane gir Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, verksemdsstyring med Eika VIS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomservice og depottjenester med Eika Depotservice. I tillegg leverer Eika Gruppen tenester innan kommunikasjon, marknad og merkevare, berekraft og næringspolitikk for å ivareta lokalbankane sine interesser og så på desse områda.

Eika Boligkreditt sikrer lokalbankane langsiktig og stabil finansiering

Eika Boligkreditt er lokalbankane sitt bustadkredittforetak, direkte eigd av 62 norske lokalbankar og QBOS. Eika Boligkreditt sitt hovudformål er å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering. Selskapet har løyve til å finansiera si utlånsverksemd ved å skriva ut internasjonalt rata obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Det inneber at Eika Boligkreditt har moglegheit til å ta opp lån i den norske og internasjonale finansmarknaden, og til ei kvar tid søka finansiering der ein og oppnår marknaden sine beste vilkår. Gjennom Eika Boligkreditt får alliansebankane tilgang på langsiktig og gunstig finansiering.

Eika Boligkreditt har ein forvaltningskapital på ca. 126 milliardar kroner (pr. Q4 2022) og er følgeleg ein viktig bidragsytar til at lokalbankane oppnår redusert finansieringsrisiko og kan oppretthalde konkurransedyktige vilkår på sine bustadlån.

Marknadsretta tiltak/sal av produkt

Etter år med Korona har fysiske kundemøter på kontoret auka. Samtidig har pandemien gjort at Teams møter er blitt meir vanleg og banken har tilpassa seg dette. Nå har rådgjevarane både kundemøter på kontora, per Teams og ute hos kunden. Banken har framleis størst vekst i Strand kommune. Me har sidan september 2014 delt lokale med Aktiv Eiendomsmeiing. I 2021 opna banken eit rådgjevingskontor på Tau, som eit nytt tilskot til vår visjon «Alltid tett på». Det er framleis auke i interessa for banken elles i Ryfylke. Fast kontordag på Finnøy og i Suldal har kundane der vore tilfredse med.

Banken sponsar alle idrettslaga i Ryfylke. Me har også i 2022 vore ute i lokalmiljøet og gitt midlar frå gåvefondet ved tilstellingar til det enkelte lag/mottakar, som har blitt positivt mottatt i lokalsamfunnet. Samtidig sponsar banken enkelte individuelle utøvarar, innanfor både ski og motor cross etc.

Skadeforsikring

Eika Forsikring AS er Noreg sitt femte største forsikringsselskap som leverer eit breitt spekter av skade- og personforsikringsprodukt som blir selde i vår bank. Banken hadde eit bruttosal på ca. 2,1 mill. Porteføljen har auka med omlag 0,1 mill kroner, og ved utgangen av året var total portefølje på ca. 17,9 mill. kroner. Dette har gitt banken provisjonsinntekter på 2,4 mill. kroner.

Som talo viser så merkar me godt at det er enkelt å skifta forsikringsselskap og at priskonkurransen er stor. Skadeforsikring er eit produkt med stort potensiale for banken, og me jobbar helle tida mot å få fleire kundar til å sjå fordelene med å ha forsikringane hjå sin lokale sparebank.

Personforsikring

I samarbeid med Eika forsikring AS sel me også livsforsikringsprodukt som dekker død, ufør og kritisk sjukdom. Me tilbyr også barneforsikring. Livprodukt er eit naturleg og svært viktig produkt som rådgjevarane tilbyr kundane i samband med opptak av lån.

Banken hadde eit bruttosal i 2022 på 0,34 mill. kroner. Porteføljen har auka med 0,06 mill. kroner, og ved utgangen av året var total portefølje på personforsikring 5,32mill. kroner. Dette har gitt banken provisjonsinntekter på 0,8 mill. kroner.





Sparing og plassering

På området sparing og plassering samarbeider banken både med Eika Kapitalforvaltning og med Skagen Fondene, og tilbyr derfor eit breitt spekter av aksjefond og rentefond. I banken er det 5 rådgjevarar som innehar autorisasjonen for Finansiell Rådgjeving.

Provisjonsinntektene i 2022 var samla på dette området ca. kr 1,8 mill.

Pensjon

Banken tilbyr sal av obligatorisk tenestepensjon, som alle bedrifter er pålagt å ha for sine tilsette. Dette er med på å knyta bedriftene tettare til banken.

Kort

Eika Kredittdbank leverer banken komplette produkt for debet- og kredittkort. Provisjonen frå kort utgjør ein viktig del av inntekta til banken.

Leasing

Saman med De Lage Landen Finans tilbyr Hjelmeland Sparebank også leasing i tillegg til lån med salspant. For næringslivet er leasing eit godt alternativ til ordinære avdragslån.

ESG

Ei viktig oppgåve til alle lokalbankar er å bidra til vekst og utvikling i lokalsamfunnet. Det er sjølve kjernen i lokalbanken si verksemd, og Hjelmeland Sparebank har hatt dette samfunnsansvaret i over 100 år.

Hjelmeland Sparebank har auka kompetansen på styrenivå for å jobba meir målretta med ESG fagfeltet. Dette blir det nå jobba ytterlegare med ved at banken har laga oppfølgingar for korleis banken i framtida skal jobba systematisk innan ESG området. Blant anna før og bli sertifisert som «Miljøfyrtårn» og utarbeiding av miljørekneskap. Videre vil Hjelmeland Sparebank vurdere korleis me kan bidra som ein viktig ressurs for ein bærekraftig vekst og omskilling av det lokale næringslivet vårt. Det lokale næringsliv skapar trygge arbeidsplassar. Her bidreg Hjelmeland Sparebank med nærleik til kundane og med støtte til ålmennnyttige føremål i lokalsamfunnet.

Målet til Hjelmeland Sparebank er å vera det naturlege førstevallet av bank i vår region og skal gjennom kompetent og godt bankhandverk gje kundane enkel og rask tilgang til gode løysingar.

Hjelmeland Sparebank søker heile tida å vera framtidseretta, og vårt mål er å vera ein attraktiv arbeidsplass. Det er ein forutsetning for å kunne lukkast med dette at ein har eit godt samarbeid med del tilitsvalde innanfor del rammjer og tradisjonar som gjeld for bransjen.

Det viktigaste bidraget Hjelmeland Sparebank kan gje til auka bærekraft, er å bidra til auka bærekraft hos kundane våre. Eit eksempel her er at Hjelmeland Sparebank oppretta «Grønt lån for fornybar energi» via ein grøn fondsobligasjon, til bedriftskundar i 2022. Fleire kundar har nytta seg av dette tilbudet. Eit anna eksempel er grønne billån der ein kan oppnå betre vilkår om ein vel eit meir miljøvennleg alternativ når ein kjøpe blir.

Hjelmeland Sparebank har i 2022 inngått samarbeid med Kakadu as for å skapa gode kundeopplevingar for kundar som ikkje har relevant digital kompetanse for å nytta digitale flatar i kontakt med banken.

Hjelmeland Sparebank støttar også idrettslag i vår region med sponsormidlar. Dette gjer at bli kontingentar og andre eigenandelar kan bli lågare enn om ikkje banken hadde vore med.

Me skal møte framtidens utfordringar

Verda står i dag ovanfor store klima-, miljø- og sosiale utfordringar. Sjølvi om utfordringane er globale, krev del også lokale løysingar. Bærekraft og samfunnsansvar blir stadig viktigare både for Noreg og i lokalsamfunnet vårt. Som ein solid og lokal sparebank kan Hjelmeland Sparebank vera ein pådrivar for bærekraftig lokal vekst og verdiskaping, for kundane våre og lokalsamfunnet vårt.

9



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7016F43E325398E7156C8476D



Finansnæringa har eit særleg ansvar for å sikra at verdiskaping og lønsemd ikkje går på bekostning av menneske rundt oss, klimaet og miljøet eller er i strid med grunnleggjande etiske prinsipp. Dette kan også Hjelmeland Sparebank bidra med i vårt lokalsamfunn.

Bustadfinansiering

Produktselskapet Eika Boligkreditt (EBK) er bustadkredittverksemda til Eika Gruppen AS. EBK gjer det mogleg for bankane å tilby langsiktig og konkurransedyktig bustadfinansiering.

Hjelmeland Sparebank har sidan 2011 nytta seg av EBK. EBK er eit godt produkt for banken då det gjer at banken kan ha eit konkurransedyktig tilbod i ein marknad med sterk fokus på renta.

Totalt har banken plassert lån for 885 mill. kroner i EBK.

Resultatrekneskap

Føresetnad om vidare drift

Rekneskapen er gjort opp under føresetnad om at drifta av banken skal halda fram og styret stadfestar at slik føresetnad er til stades.

Driftsresultat før skatt syner eit overskot på 7,9 mill. kroner (konsern 7,4 mill. kroner). Til samanlikning var resultatet 29,9 mill. kroner i 2021. Banken sitt resultat er i 2022 kostnadsført med 4,9 mill. kroner ifm banksjef bytte. I tillegg har ein kunde medført nedskrivningar på 11 mil. kroner

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

Hjelmeland Sparebank hadde i 2022 netto rente- og kredittprovisjonsinntekter på 55,5 mill. kroner (48,0) I høve til GFK er det 1,64 %, ein auke på 0,24 prosentpoeng.

Andre driftsinntekter

Netto andre driftsinntekter er 16,0 mill. kroner (23,2) og i høve til GFK er det 0,68 % (0,70). Provisjon- og gebyrinntekter er redusert med 4,2 mill. kroner. Det har vore ei auke i formidling av lån til Eika Boligkreditt, men redusert rentemargin har ført til lågare provisjonsinntekt. Netto vinst på verdipapir og valuta er - 3,9 mill. kroner. Eika Kapitalforvaltning har banken sitt mandat som forvaltar av obligasjonane. Ryfylke Eiendomsmegling AS er nedskrevet med 2,5 mill. kroner samt negativ resultatandel på 328,3 tusen kroner.

Det er betalt utbytte frå Eika Gruppen på 6,1 mill. kroner, Eika Boligkreditt på 0,57 mill. kroner, Eiendomskreditt på 0,1 mill. kroner, Ryfylke Eiendomsmegling 0,35 mill. kroner og Kvinesdal Sparebank 0,07 mill. kroner. Omsetning av valuta er ikkje vesentleg.

Driftskostnader

Driftskostnadane er på 49,9 mill. kroner (37,4), i høve til GFK utgjer det 1,47 % (1,13). Av dette utgjer kostnader til lønn 0,77 % (0,55). Sum lønn og andre personalkostnader utgjer 26,2 mill. kroner (18,4).

Det ble i juni 2022 inngått sluttavtale med tidlegare banksjef. I samband med sluttavtalen er det avsett 4,9 mill i rekneskapet. Avsetninga tilbakeføres over ein periode frem til 2030.

Andre driftskostnader 23,1 mill. kroner (17,9). Det vart i 2022 kostnadsført 4,0 mill. kroner i samband med Eika Gruppen sitt standardiserings prosjekt. Endring i avskrivning er uvesentlege.

Kostnadsprosenten er 73,1 % mot 57,5 % i 2021.





Tap og nedskrivningar

Det er resultatført tap utlån og garantiar med i alt 2,4 mill. kroner, konstatert tap er 9,2 mill og ein auke nedskrivningar steg 3 på 2,2 mill. kroner. Sjå note 11. Ein kunde blei i 2022 nedskreven med 11,0 mill. kroner

Skatt

Skattekostnaden er berekna til 0,94 mill. kroner (konsem 0,85 mill. kroner).
Viser til note 24.

Disponering

Resultat før skatt viser eit overskot på 7,9 mill. kroner (konsem 7,4 mill. kroner).
Av overskotet etter skatt på 6,9 mill. kroner, er det foreslått utbytte for 2022 3,49 mill. kroner.
3,93 mill. kroner blir overført til utjæmningsfond og 3,05 mill. kroner til sparebankens fond

Kjernekapitalen er tilført 3,49 mill. kroner fordelt slik:

Auke i bankens fond	3,05
Auke i utjæmningsfondet	0,44
Auke i gåvefondet	0,0
Foreslått utbytte	3,49

Banken hadde ved utgangen av året ein eigardelkapital på 111,8 mill. kroner, fordelt på 1.117.700 stk pålydande kr 100,-. Av desse eig banken 6.998 stk. Resultat over andre Inntekter og kostnader på 23,56 mill. kroner disponerast til fond for urealiserte gevinstar og tap.

Balanse

Forvaltningskapitalen

Hjelmeland Sparebank sin forvaltningskapital har i 2022 hatt ein nedgang på 56,0 mill. kroner (108,1) tilsvarende -1,69 % (3,8 %). Per 31.12. forvalta sparebanken 3.265,3 mill. kroner.

Utvikling i utlån

Brutto utlån til kundar i elga bok utgjer ved årsskiftet: 2.721,8 mill. kroner (2.780,2). Dette er ein reduksjon på 58,4 mill. kroner, tilsvarende -2,1 % (1,6 %). Banken sine utlån gjennom Eika Boligkreditt (EBK) er 885 mill. kroner. Samla utlånsnedgang inkludert EBK er 14,4 mill. kroner. Utlån til privatkundar utgjer 75,5 %, til landbruk 9,8 % og til andre næringsdrivande 14,6%

Viser til note 10.

Utvikling i Innskot

Innskot frå kundar er 2.212,1 mill. kroner (2.167,4), ein auke på 44,7 mill. kroner tilsvarende 2,1 %. Innskotsgarantibordninga dekker 67,2 % av totale Innskot. Banken har ved årsskiftet ei Innskotsdekning på 81,3 %. Banken har ei tilfredsstillande spreing av innskota og styret vurderer likviditetsrisikoen i innskotsportefølje som avgrensa.

Verdipapir

Hovudmålet med kjøp av obligasjonar er å støtta lovpålagte krav til likviditet. Banken si portefølje på 266,7 mill. kroner i obligasjonar blir nytta som likviditetsreserve og ikkje som hande portefølje.

Obligasjonane har flytande rente og rentesatsen blir regulert i samsvar med endringane i 3 månadar NIBOR-renta. Sjå note 27.

Banken sit nå med ein portefølje på anleggsaksjar på 133,7 mill. kroner og rentefond på 19,7 mill. kroner.





Eigenkapital/Kapitaldekning

Etter disponering av overskot er banken sin egenkapital nå 449,7 mill. kroner (428,3).

Eigenkapitalen består av sparebankfondet på 152,3 mill. kroner, gåvefond 8,0 mill. kroner, utjæmningsfond 87,1 mill. kroner, fond for urealiserte gevinster 54,8 mill. kroner. I tillegg innskoten egenkapital på 111,8 mill. kroner, overkursfond på 1,1 mill. kroner og fondsobligasjonskapital på 35 mill. kroner. Banken eig sjølv eigenkapitalbevis for 0,7 mill. kroner.

Kapitaldekninga ved utgangen av året er 21,28 % (21,10 %). Styresmaktene sitt krav på rein kjernekapital er på minimum 12,0% inklusiv bufferkrav og 14,5 % inklusiv SREP.

Kjernekapitaldekning er 19,55 % og rein kjernekapitaldekning er på 17,66 %.

Styret vurderer at banken er godt kapitalisert. Viser til note 4.

Rapportering av kapitaldekning ved konsolidering samarbeidande grupper blir vist i note 4.

Konsernet Hjelmeland Sparebank

Konsernet består av Hjelmeland Sparebank og Ryfylke Eiendomsmegling AS, der banken har ein eigardel på 70%. Sjå note 31.

Risikostyring

Banken sine forretningsaktivitetar gjer at verksemda er eksponert for ei rekke finansielle risiki. Målsettinga til banken er å oppnå balanse mellom avkastning og risiko, og å minimera potensielle negative verknadar på banken sitt finansielle resultat. Banken si finansielle risikostyring er etablert for å identifisera og analysera desse risikoane, samt å etablere passande risikorammer og -kontrollar. Dette blir overvåka gjennom bruk av pålitelege og oppdaterte informasjonssystem. Banken vurderer jamleg dei etablerte retningslinjene for risikostyring og systemet som er etablert for å sikra at endringar i produkt og marknader blir reflektert i risikorammene.

Ansvar for banken si risikostyring og kontroll er delt mellom banken sitt styre og leiing. Styret vedtek banken sitt mål og rammestruktur innanfor alle risikoområder, herunder retningslinjer for styring av risiko.

Administrerende banksjef har ansvaret for banken si samla risikostyring. Alle beslutningar som er knytta til risiko og risikostyring blir normalt fatta av administrerende banksjef i samråd med resten av leiinga i banken.

Alle leiarane i banken har ansvar for å styra risiko og sikra god intern kontroll innanfor eige område i tråd med banken sin vedtatte risikoprofil.

Kredittrisiko

Hjelmeland Sparebank skal ha ein moderat kredittrisikoprofil. Kredittrisiko er risiko for tap knytta til at banken sine lånekundar og kredittkundar ikkje klarer å halde skriftlege avtaler og gjera opp innanfor avtalt tid, samtidig som at etablerte sikkerheiter ikkje dekker banken sine krav.

Kredittrisiko er det største risikoområdet i banken, og er kontinuerleg under overvåking. For at banken skal lukkast med lønsam vekst i framtida er det viktig med eit godt kreditthandverk. Kredittrisiko blir styrt i samsvar med banken sin policy for kredittrisiko, kreditfullmakter, retningslinjer, handbøker og rutinar for kredittvurderingar.

For oppfølging av risiko er risikoklassifisering ein integrert del av kredittvurderingsprosessen i banken. Dette bidreg til å gi Hjelmeland Sparebank oversikt over risikoen for tap i utlånsportefølje, både på kundenivå og aggregert for heile utlånsportefølja.

Hjelmeland Sparebank har sett rammer for engasjement innanfor ulike risikogrupper. Banken sin PM – og BM portefølje er ved årsskiftet i brot for engasjement med høg risiko. Banken jobbar kontinuerleg med å redusera kredittforringa engasjement, for å gjera porteføljekvaliteten betre.

Årsak til tap kan vera kundane si betalingssevne, og/eller endringar i panteverdjar som vert påverka av rentenivå, eigedomsprisar og sysselsetjing. Desse faktorane blir det tett omsyn til ved innvilging av lån. Hjelmeland Sparebank yter i liten grad lån utan sikkerheit. Ved innføring av IFRS 9 tok banken, saman med alle Eika bankane,

12



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
83510007018F43B325398E7156C8476D

i bruk ny nedskrivingsmodell for å berekne eventuelle framtidige tap i banken sin utlånsportefølje. Nedskrivingsmodellen vert valdert minimum årleg, og rekallibrert ved behov.

Lån til bedriftsmarknaden fører til større kredittisiko. Nye næringslivskundar skal i hovudsak koma frå banken sitt primærrområde som er Ryfylke. Styret si målsetjing er at banken sine engasjement til bedriftskundar skal utgjera maksimalt 30 prosent av samla utlånsportefølje. Ved årsskifte var fordelinga av låneportefølja 24 prosent mot næringslivskundar og 76 prosent mot privatmarknaden.

Banken har eit større bedriftsengasjement som har fått utfordringar i 2022, da særleg knytt mot aukte oljeprisar. Banken jobbar med å finna løysningar saman med kunden.

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken ikkje er i stand til å innfri sine forpliktingar ved forfall, samt risikoen for at banken ikkje klarer å møte sine likviditetsforpliktingar utan at kostnaden aukar dramatisk. Utifrå eit breiare perspektiv inneheld likviditetsrisiko også risiko for at banken ikkje er i stand til å finansiera auking i eigendelar etter kvart som behovet for å refinansiera aukar. Likviditetsstyringa tek utgangspunkt i banken sin overordna likviditetspolicy vedteke av styret. Likviditetspolicyen blir gjennomgått årleg. Banken sine rammer og retningslinjer for likviditetsrisiko gjenspeiler banken sin konservative risikoprofil på området. Innskot i banken består primært av innskot frå heilkundar i banken sitt marknadsområde.

Sjå note 14 for vurdering av likviditetsrisiko.

Marknadsrisiko

Banken er eksponert for marknadsrisiko, som er risikoen for at verkeleg verdi av framtidige kontantstrøumar som er knytt til finansielle instrumenter vil bli endra pga. endringar i marknadsprisar. Marknadsrisiko er knytta til opne posisjonar i rente-, valuta og aksjeprodukt som er eksponert mot endra marknadsprisar og endringar i volatiliteten til prisar som rentesatsar, kredittspreadar, valutakursar og aksjeprisar.

Styring av marknadsrisiko tek utgangspunkt i styrevedtatt policy for marknadsrisiko kor det er sett rammer for eksponering innan ulike risikokategoriar. Risikoeksponering og -utvikling blir overvåka løpande og blir rapportert periodisk til styre og leiinga.

Sjå note 15-17 for vurdering av marknadsrisiko.

Operasjonell risiko

Operasjonell risiko er risikoen for tap som oppstår på grunn av svakheiter eller feil i prosessar og system, feil gjort av tilsette, eller eksterne hendingar. Styring av operasjonell risiko tek utgangspunkt i banken sin policy for operasjonell risiko og internkontroll. Det blir gjennomført risikovurderingar både på overordna nivå, men også innanfor ulike prosessar som banken til ei kvar tid er eksponert for. Hendingar som har påverka, eller kan påverka banken si inntening og/eller omdømme, blir systematisk fylgt opp. I tillegg til at det årleg blir føretatt ein omfattande gjennomgang av vesentlege operasjonelle risikoar og kontrolltiltak, føretar leiinga ei løypande vurdering av operasjonelle risikohendingar og iverksett ytterlegare risikoreducerande tiltak ved behov. Det blir føretatt løypande rapportering av operasjonelle taphendingar og internkontrollavvik til leiing og styret.

Forretningsrisiko

Forretningsrisiko er risiko for tap på grunn av endringar i eksterne forhold som marknadsituasjonen eller reguleringar frå myndighetene. Risikoen inkluderer også omdømmerisiko. Styret sin fastsette policy blir lagt til grunn for styring og kontroll av banken sin forretningsrisiko. Alle tilsette er pålagt å bidra til at kundane sine behov og rettgheter blir ivarett på ein tilfredsstillande måte. Det gjeld gjennom ein fagleg god og detaljert kundehandtering som sikrar at banken sine kundar kan ta bevisste og velinformerte val.



Compliance (etterleving)

Compliancerisiko er risikoen for at banken pådreg seg offentlige sanksjonar/bøter eller økonomiske tap som følge av manglende etterleving av lover og forskrifter. Banken vektlegg gode prosessar for å sikra etterleving av gjeldande lover og forskrifter. Det er styret som vedtek banken sin compliance-policy som beskriv hovudprinsippa for ansvar og organisering. Det blir arbeida kontinuerleg med å vurdere beste tilpassing til nye reguleringar og nytt regelverk for både å ivareta etterleving og effektivitet i organisasjonen. Nye reguleringar og nytt regelverk som påverkar drifta skal fortløpande blir inkludert i rutinar og retningslinjer.

Aktiviteten på compliance-området har vore svært stor dei siste åra, og då særleg knytt opp mot krava innan antikvitvasking og GDPR. Banken har implementert spesifikke rutinar og retningslinjer for å sikra etterleving, og jobbar aktivt for å oppretthalda og vidareutvikla dei tilsette sin kompetanse på området.

Personaltilhøve, miljø og tryggingstiltak

Personal, arbeidsmiljø og likestilling

Banken hadde ved utgangen av 2022 22 tilsette i banken som utgjør 20,2 årsverk i bankdrifta og 0,3 årsverk i reinhaldsfunksjon.

Lån til tilfalsvalde og tilsette går fram av note 21.

I 2022 var Susanna Poulsen banksjef inntil juni 2022. Etter juni 2022 overtok Merete Martinussen som konstituert banksjef fram til 1. februar 2023. Bjørn Tjensvold overtok som banksjef i Hjelmeland Sparebank fra 1 februar 2023

Arbidsmiljøet er ein nøkkelfaktor for at banken ska lukkast. Banken arbeider kontinuerleg med betring av miljø. Aldersspreiinga i banken er stor og det er viktig for banken og leggja til rette for den enkelte ansatt i sin livssituasjon. Av bankens 22 ansatte er 16 kvinner og 6 menn. I leiargruppa på 3, er det ei kvinne. I banken sitt styre er 2 av 6 medlemmer kvinner. Me meiner det ikkje blir gjort skilnad på tilsette eller ved tilsettingar på grunn av kjønn, nasjonalt opphav, religion eller livssyn.

Banken har gode pensjons- liv og helse-forsikringsordningar. Dei fysiske arbeidsforholda betraktast som gode, både i forhold til utstyr og arbeidsplassar, også tilpassa heimekontor. Banken har styreansvarforsikring for sine styremedlemmer og banksjef i Lockton. Forsikringssum NOK 250.000.000 inkludert saksomkostningar, per forsikringstilfellet og totalt for alle sikra i løpet av forsikringsperioden.

Fråvær

Fråværet syner slik utvikling:

2022	2021
4,71	3,94

Sjukesfråværet har i året våre noko høgare enn 2021 då to har vore langtidssjukemelde. Hjelmeland Sparebank er ei IA-verksemd.

Banken har kollektiv pensjons- og ulykkesforsikring gjennom forsikrings- selskap for sine tilsette.

Openheitslova skal fremje verksemdas respekt for menneskerettigheter og anstendige arbeidsforhold, samt sikre allmennheten tilgang på informasjon. Krav til redegjøring trer i kraft 30.06.23. Redegjøringa av openheitslova vil bli publisert på bankens helmesider.



Berekraft - verksemd og det ytre miljø

Banken si verksemd er ikkje av ein slik karakter at det direkte ureinar det ytre miljø som følgjer av vanleg bankdrift. Samstundes må banken vera klar over og rigga seg for framtida, då klimaendringar på sikt vil påverke både banken, kundar og samfunnet direkte.

Fram mot 2030 skal Norge gjennom ei omfattande omstilling, der klimakutt og -endringar, nye krav, konkurranse og strammare offentlege budsjett, vil legge press på norske lokalsamfunn og bedrifter.

Lokalbankane si rolle som drivkrefter for vekst og utvikling for privatkundar, næringsliv og norske lokalsamfunn, vil framover bli viktigare enn nokon gong. Lokalbankane sitt rådgjevingstilbod og nærleik til kundane gjer dei til nøkkelfaktorar i omstillinga av norske småbedrifter, og i å sikre ny aktivitet og arbeidsplassar når det som ikkje er berekraftig skal erstattast. Nærleik til kunden gjer også lokalbankane eit godt utgangspunkt for å tilby relevante produkt for den vaksande kundegruppa som er oppteken av berekraft.

Eika Gruppå og Eika Boligkreditt bidreg til banken sine økonomiske resultat og marknadsposisjon, noko som er eit viktig grunnlag for banken sitt bidrag til eit berekraftig samfunn. I tillegg arbeider ein med berekraft i utvikling av produkt, banken sine system og verktoy, og kompetansetilbodet til banken sine tilsette, og med å sikre god miljøleiling og berekraftige val i eigen organisasjon og ovanfor leverandørar og samarbeidspartnarar.

Saman bidreg vi i Eika Alliansen allereie til berekraft i Norge og i norske lokalsamfunn på mange område, men i åra framover er det behov for at vi bidreg enda meir. På lik linje med andre næringar, har banken eit ansvar for å unngå å medverke til miljøøydeleggingar, korrupsjon eller brot på grunnleggande menneske- og arbeidstakarrettar.

Hjelmeland Sparebank har pt. ikkje etablert eige klimarekneskap eller miljøsertifisering. Dette arbeidet vil prioriterast i 2023, og har som mål at banken skal vera miljøfyrtårnsertifisert innan 2023.

For banken handlar samfunnsansvar særleg om å ta vare på desse omsyna i investeringar, innkjøp og lån. Tiltit frå omverda og godt omdøme er viktig for banken. Banken sine interessentar har forventningar til at banken utøver si rolle som ein ansvarleg samfunnsaktør. Banken sine retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar omhandlar korleis verksemda påverkar menneske, samfunn og miljø. Det å skape verdjar og vere lønsam er ein del av banken si samfunnsrolle, og banken vil på denne måten medverke til vekst og utvikling i samfunnet. Det er ikkje likegyldig korleis banken tener sine pengar, val av produkt og tenester skal ikkje gå på kostnad av menneske, etikk eller miljø. Det er ein sjølvsgad ting at banken etterlever gjeldande lover og forskrifter, og banken skal ha høg etisk medvlt.

Hjelmeland Sparebank er oppteken av sitt samfunnsansvar og har innarbeida dette i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, helse, arbeidsmiljø og sikkerheit, ytre miljø, arbeid mot kvitvasking og økonomisk kriminalitet. Me har årleg gjennomgang av rutinar og instruksar, samt etterleving av lovverket rundt dette.

Ulykke og skader

Det har ikkje vore ulykker eller skader av noko slag i 2022.

Samfunnsansvar

Hjelmeland Sparebank skal vere ei viktig kjelde til vekst og trivsel i Ryfylke og vere det naturlege valet for tenester innan banken sitt verkeområde. Som leilande finansinstitusjon for målgruppene vil Hjelmeland Sparebank i samarbeid med andre, bidra til ei positiv utvikling i distriktet.

Me skal leggja stor vekt på at kundane er tilfredse med dei tenester dei mottar og skal føla seg velkomne i banken. Gjennom tilfredshelt over tid skal me skapa gode relasjonar med kundane.





Drifta skal vera basert på strenge krav til etikk og forretningsmoral. Høvet til kundar og kollegaer skal vera basert på dei etiske grunnverdiar som gjeld for finansnæringa generelt og banken sine etiske retningslinjer. Banken skal ha ein organisasjonskultur prega av våre verdiar og kontinuerleg læring.

Hjelmeland Sparebank har i alle år bidrege til lokalsamfunnet og Ryfylke, som også er vårt nedslagsområde, både med sponsormidlar og frå gåvefond. Banken er sponsor for fleire av Idrettslagane i fylket, i tillegg til Hjelmeland Teaterlag og enkeltutøvarar innan skiidrett, trail m.m. Banken har vore hovudsponsor for Ryfest sidan starten. Me har frå gåvefondet vårt gitt til mange av dei aktivitetane som ikkje naturleg ville fått av sponsormidlane våre. Det vere seg skyttarlag og pistolklubb, lokallag i Ryfylke med fokus på barn og unge etc.

Dei fleste ungdomane i Hjelmeland vel å flytta frå bygda når dei skal ta vidare utdanning. Hjelmeland Sparebank har tatt kontakt med skulen og tilbydd læremateriale og personlege ressursar, til å førebu dei unge til å handsama eigen økonomi.

Hjelmeland Sparebank er oppteken av sitt samfunnsansvar og har innarbeida dette i overordna retningslinjer under konkrete emne som etikk, helse, arbeidsmiljø og sikkerheit, ytre miljø, arbeid mot kvitvasking og økonomisk kriminalitet. Me har årleg gjennomgang av rutinar og instruksar, samt etterleving av lovverket rundt dette.

Eigartilhøve/organisasjon

Hjelmeland Sparebank er ein institusjon som er dels sjølvvegande og dels eigd av andre som eig eigen kapitalbevis, og er organisert i samsvar med finansføretaksloven med tilhøyrande forskrifter.

Sjå note 39

Forstandarskapet

Det høgaste organet i banken er forstandarskapet som har 16 medlemmer:

6 blir valde av eigarane av eigenkapitalbevisa.

2 blir valde av kommunestyret,

4 blir valde av Innskytarane, og

4 blir valde av og mellom dei tilsette.

Forstandarskapet fastset banken sine vedtekter, vedtek banken sitt rekneskap, vel banken sine representantar i styre og kontrollnemder.

Leiår i forstandarskapet er Dagflnn Svadberg Hatley

Styret

Forstandarskapet vel 6 medlemmer til styret, som saman med banksjefen er ansvarleg for drifta av sparebanken.

Styret har i året hatt 11 ordinære møte. I tillegg har det vore eit strategimøte, samt møte på telefon for avklaring av saker som ikkje kan venta til ordinært møte. På styremøta er det mellom anna gjennomgått periodiske rekneskap målt mot budsjett og fjoråret. Vidare går styret gjennom administrasjonen sine rapportar over utviklinga i banken, samt omsetning av verdipapir og større kredittsaker. Styret får òg rapportar som viser status på arbeidet med styret sine vedtak og kor banken ligg i høve til dei strategiske måla. Styret følgjer ein plan for revidering av styringsdokumenta i banken.

Honorar til styret går fram av note 21.

Leiår i styret er Øyvind Ravnås Lundbakk



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
6351DCC7016F43E325398E7156C8476D

Bankenes sikringsfond:

Banken mottok 8. desember 2022 rapporten frå Bankenes sikringsfond sitt besøk i banken september 2022. Rapporten inneheld ei vurdering av overordna styring og kontroll, økonomisk utvikling, likviditets- og finansieringsrisiko, marknadsrisiko og kredittrisiko. Bankenes sikringsfond kjem med ein del tilrådingar knytt til strategidokument, vurdering av kapitalbehov, policydokumenter og risikorapportering. Banken vil følgja tilrådingane frå sikringsfondet og gjennomføra desse i første halvår 2023.

Historiske avtale med tidligere administrerende banksjef

I samband med byte av banksjef blei det inngått ein avtale basert på tidlegare inngåtte arbeidsavtale/tilleggsavtalar. Dei tidlegare inngåtte avtalane blei forsøkt reforhandla. På grunn av hensynet til konfidensialitet kan ein ikkje gå inn i detaljane om forhandlingane eller tidlegare banksjef sine avtalte vilkår framover, men det inngår både etterlønn og ei forhåndsavtalt lønn i rettsstillinga som kundeådgjevar.

På tidspunkt for avlegginga av årsregnskapet er avtalen med tidlegare banksjef å ansjå som ein usikker forpliktning i henhold til regnskapsreglane, som følge av at det er uklart kva banken si forpliktning faktisk vil utgjera. Usikkerheten er særlig knytt til kor lenge tidlegare banksjef vil stå i rettsstillinga. I forhold til regnskapsreglane må det bli foretatt ei avsetning for differensen mellom det som pr. i dag blir ansett å vera marknadsløn for ein kundeådgjevar på PM og den lønna som tidlegare banksjefen har rett til i stillinga, over ein periode som går fram til pensjonsalder (ein periode på ca. 13 år). Dette utgjer den største delen av avsettinga.

Revisjon

Til å kontrollera verkeemda er sparebanken pliktig å ha revisor. Meldinga frå revisor ligg ved årsmeldinga. Godtgjersla til revisjonen går fram av note 22. SLATS autorisert revisor Alf Rune Sveen frå RSM har denne oppgåva i banken.

Utsiktane framover

Styret sitt hovudmål er å sikra ein langsiktig og stabil verdiauke av banken gjennom å utvikla vidare den verkeemda me i dag driv. Dette skal skje innfor dei rammer som går fram av finanslovgivinga, banken sine vedtekter og dei retningsliner forstandarskapet har gitt. Dei auka krava frå tilsynsmyndighetene til både compliance og AHV og prosessen rundt det vil bli meir ressurskrevjande.

Det er frå Norges Bank signalisert ytterlegare renteaukingar i 2023. Vi har sett stigande bustadprisar i vårt primærrområde det siste året, og vurderer at eventuelle renteaukingar vil dempe noko av denne prisveksten. Effekten kan også føre til et fall i bustadprisar, og da ein aukt kredittrisiko mot privat markedet. Samtidig vurderast det at banken sine kundar har en relativt akseptabel gjeldsbelastning, som gjer at deiira økonomiske situasjon, på tross av dette, vil være tilfredsstillande.

I forhold til banken sine landbruks- og bedriftskundar vurderast det at også disse vil ha ein tilfredsstillande økonomisk situasjon på tross av auka renter.

Landbruket i vårt primær området har klart seg godt, da fokuset på «kortreist» mat har styrka seg i vår region. Næringslivet i vårt primærrområde har også vist evne til omstilling og tilpassing og såleis klart seg relativt sett greit gjennom ein tid med høg inflasjon.

Hjemmeland Sparebank har sett en aukiing i mislighalde lån, og da primært retta mot eit større engasjement kor inflasjonen har fått direkte påverking. Forventar at aukande renter og energikostnader påverke både privatkundar, landbrukskundar og bedriftskundar generelt.

Det er i 2023 budsjettert med 0,10% i tap, mens det til sammenligning i 2022 var 2,4% tap på utlån. Bankens samlede kredittrisiko vurderes å være moderat.

17



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DC0C7016F436325398E7156C8476D



Den russiske invasjonen av Ukraina den 24. februar 2022, har imidlertid ført til ein uforutsigbar sikkerheitspolitisk situasjon i Europa. Me ser aukte prisar på olje, gass, stauum, matvarer osv. som er venta å påverke den økonomiske situasjon til kundane våre.

Styret forventar auka konkurranse innan vårt nedslagsområde, samstundes som me forventar større vekst i det indre Ryfylke del neste 5 åra. Me skal yta fullgod service til kundane og sikra tilstrekkeleg vekst i storleik og tilbod for å møte og halda følge med utviklinga i banken sitt verkeområde. Banken skal sikra tryggle og interessante arbeidsplassar og vera attraktiv for personar med realkompetanse i samsvar med stadig stigande kvalifikasjonskrav, og me skal ta godt vare på dei tilsette.

Takk!

Styret vil retta ein spesielt stor takk til dei tilsette i banken for all innsats i 2022.

Vidare vil styret takka kundane og elgarane for tilliten dei syner og for ein god oppslutnad om Hjelmeland Sparebank, som gjer det mogleg for oss å driva vidare som ein sjølvstendig og frittstående finansinstitusjon.

Me ønskjer at godt samarbeid og felles innsats skal gje positiv utvikling for banken og regionen i åra framover.

4130 Hjelmeland, den 31. desember 2022/30.mars 2023

Øyvind Ravnås Lundbak
Styreleder

Tor Egil Lile
Medlelar

Liv Jorunn Tjelmeland
Styremedlem

Per Magne Gabrielsen
Styremedlem

Laila Stelne
Styremedlem

Øystein Bergøy Tungland
Styremedlem rådgjevar

Bjørn Tjensvold
Adm. Banksjef

18



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7D16F43B325398E7156C8476D



Resultatregnskap

	Noter	Mørbank		Konsem	
		2022	2021	2022	2021
Ordinært resultat - Tall i tusen kroner					
Renteinntekter målt til effektiv rentes metode		52.726	70.519	32.725	72.273
Renteinntekter fra øvrige eiendeler		5.373	2.151	4.912	
Rentekostnader og lignende kostnader		42.557	24.565	42.485	24.575
Netto renteinntekter	Note 18	55.542	48.105	55.152	47.698
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester		14.539	18.701	14.539	18.701
Provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester		2.232	1.307	2.232	1.907
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrumenter		7.160	6.332	7.160	6.022
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og finansie instrumenter		-3.677	-13	-3.671	-13
Andre driftsinntekter		557	335	11.331	13.140
Netto andre driftsinntekter	Note 20	16.053	23.150	26.827	35.954
Lønn og andre personalkostnader	Note 21	26.278	18.413	32.211	24.881
Andre driftskostnader	Note 22	23.157	17.921	27.808	22.951
Afskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle eiendeler	Note 23	495	1.120	392	1.458
Sum driftskostnader før kredittap		49.923	37.460	60.851	49.290
Kredittap på utlån, garantier mv. og rentebærende verdipapirer	Note 17	13.752	3.783	13.753	3.783
Resultat før skatt		7.925	29.910	7.375	30.578
Skattekostnad	Note 24	537	6.223	355	6.176
Resultat av ordinær drift etter skatt		6.988	23.888	6.519	24.402
Andre inntekter og kostnader - Tall i tusen kroner					
Verdiendring egenkapitalinstrument til virkelig verdi over andre inntekter og kos	Note 25	23.569	1.825	23.569	1.825
Sum poster som ikke vil bli klassifisert over resultatet		23.569	1.825	23.569	1.825
Sum andre inntekter og kostnader		23.569	1.825	23.569	1.825
Totalresultat		30.557	25.713	30.888	26.227
Totalresultat per egenkapitalbevis		14,15	13,17	15,25	13,44
Resultat etter skatt per egenkapitalbevis		2,28	12,24	3,3	12,5
Majoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				30.229	26.072
Minoriteten sin andel av totalresultatet i perioden				-141	155
Resultat etter skatt i prosent av gjennomsnittlig kontrollingskapital		0,21 %	0,72 %	0,19 %	0,73 %





Balanse

Tall i tusen kroner	Noter	Morbank		Konsem	
		2022	2021	2022	2021
Kontanter og kontantekvivalenter	Note 25-26	68.724	5.946	68.724	3.946
Utlån og fordringer på kredittinstitusjoner og finansieringsforetak	Note 25-26	68.671	165.496	68.671	165.496
Utlån til og fordringer på kunder	Note 6-11, 25-26	2.995.000	2.758.029	2.685.203	2.747.895
Rentebærende verdipapirer	Note 27	266.733	263.287	266.733	263.287
Aksjer, andeler og andre egenkapitalinstrumenter	Note 28-29	150.985	113.652	150.985	113.652
Eierinteresser i konsernselskaper	Note 31	2.406	5.235	0	0
Værdige driftsmidler	Note 32	6.195	6.383	16.440	16.934
Andre eiendeler	Note 33	6.606	5.297	10.442	9.147
Sum eiendeler		3.265.320	3.321.325	3.267.258	3.320.392
Balanse - Gjeld og egenkapital					
Tall i tusen kroner	Noter	2022	2021	2022	2021
Innlån fra kredittinstitusjoner	Note 34	150.960	150.320	150.960	150.320
Innskudd og andre innlån fra kunder	Note 35	2.212.101	2.167.362	2.211.680	2.166.134
Gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	Note 36	461.333	525.950	461.935	525.950
Annent gjeld	Note 37	16.569	12.097	19.507	14.614
Betalbar skatt	Note 24	1.789	6.478	1.789	6.544
Andre avsetninger	Note 6-13-11	2.067	700	2.067	787
Ansvarlig lånekapital	Note 36	30.176	30.096	30.176	30.096
Sum gjeld		2.815.595	2.892.002	2.818.113	2.894.508
Aksjekapital/Berandelskapital	Note 39	111.770	111.770	111.770	111.770
Egne aksjer/egenkap talbevis		700	700	700	700
Overkursfond		1.125	1.125	1.125	1.125
Fondsbliksgjassjonskapita	Note 38	35.279	35.000	35.279	35.000
Sum innskutt egenkapital		147.474	147.195	147.474	147.195
Fond for urealiserte gevinst		54.797	37.228	54.797	37.228
Sparebankens fond		152.300	150.206	150.345	146.176
Gavefond		7.365	8.000	7.965	8.000
Ujævnt årsfond		67.143	91.664	60.466	95.255
Annent egenkap tal		47	0	47	0
Sum opptjent egenkapital		302.251	281.127	301.672	278.689
Sum egenkapital		449.725	428.322	449.146	425.884
Sum gjeld og egenkapital		3.265.320	3.321.325	3.267.258	3.320.392

4130 Hjelmeland, den 31. desember 2022/30. mars 2023.

Øyvind Ravnås Lundbakk
Styreleder

Tor Egil Lie
Nestleder

Liv Jorunn Tjelmeland
Styremedlem

Per Magne Gabrielsen
Styremedlem

Laila Stelme
Styremedlem

Øystein Bergøy Lundland
Styremedlem liserte

Bjørn Tjensvold
Adm. Banksjef

20



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7D16F43B325398E7156C8475D



KONTANTSTRØMOPPSTILLING - DIREKTE METODE

Tall i tusen kroner	Morbank		Konten	
	2022	2021	2022	2021
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter				
Netto utbetaling av lån til kunder	54.223	-43.583	54.223	-43.583
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	90.997	73.428	90.697	70.428
Netto inn/utbetaling av innskudd fra kunder	44.739	127.791	44.739	127.791
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder	-27.191	-15.315	-27.191	-15.315
Renter på utlån til og foringer på kredittinstitusjoner	2.025	43	2.729	43
Kjøp og salg av sertifikat og obligasjoner	-4.318	-34.847	-4.318	-34.847
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner	4.890	2.151	4.890	2.151
Netto provisjonsinnbetalinger	12.207	15.794	12.207	15.794
Netto inn/utbetaling av kortsiktige investeringer i verdipapirer	3.700	-15.390	3.700	-15.390
Utbetalinger til drift	-42.437	-35.052	-42.437	-35.052
Betalt skatt	-6.682	-6.532	-6.682	-6.532
Utbetalte gaver	0	-280	0	-280
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	131.857	64.214	131.857	64.214
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter				
Utbetaling ved kjøp av langiktig investering - verdipapirer	-14.384	0	-14.384	0
Innbetaling fra salg av langsigtede investeringer - verdipapirer	47	7.509	47	7.509
Utbytte fra langsigtede investeringer i aksjer	7.180	5.082	7.180	5.082
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-6.678	-1.477	-6.678	-1.477
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter				
Låneutbetalinger balanseførte leteforretninger	-441	-458	-441	-458
Innbetaling ved utstedelse av verdipapirgjeld	100.000	150.000	100.000	150.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-225.000	-166.000	-225.000	-166.000
Renteutbetalinger på gjeld stiftet ved utstedelse av verdipapirer	-9.772	-5.366	-9.773	-5.866
Innbetaling ved lån fra kredittinstitusjoner	50.000	50.000	50.000	50.000
Utbetaling ved forfall lån fra kredittinstitusjoner	-50.000	-75.000	-50.000	-75.000
Renteutbetalinger på lån fra kredittinstitusjoner	-3.471	-1.766	-3.471	-1.756
Andre betalinger ved lån fra kredittinstitusjoner	1.500	0	1.500	0
Renteutbetalinger på ansvarlige lån	-1.133	-736	-1.133	-736
Renteutbetalinger på finansobligasjoner	-2.196	-1.825	-2.196	-1.825
Utbetalinger fra gaver/and	65	0	95	0
Utbytte til egerkapitalbevisiere	7.200	4.391	7.200	4.891
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	-147.779	-56.542	-147.779	-56.542
A + B + C Netto endring likvider i perioden	-25.600	6.195	-25.600	6.195
Likviditetsbeholdning 1.1	162.995	156.799	162.995	156.799
Likviditetsbeholdning 31.12	137.395	162.995	137.395	162.995
Likviditetsbeholdning spesifisert:				
Kontanter og kontantekvivalenter	69.724	3.946	69.724	3.946
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner og fordringer på sentralbanker	68.671	159.049	68.671	159.049
Likviditetsbeholdning	137.395	162.995	137.395	162.995





NOTE 1 – Rekneskapsprinsipp

GENERELT

Hjelmeland Sparebank er ein sparebank som tilbyr utlån, innskol, betalingsformidling og forsikringstenester. Hovedkontoret ligger Prestegarden 3, 4130 Hjelmeland. Årsregnskapet 2022 ble godkjent av styret 30. mars 2023.

GRUNNLAG FOR UTARBEIDING AV REKNESKAPEN

Årsrekneskapen er utarbeida i samsvar med Forskrift om årsregnskap for banker, kredittforetak og finansieringsforetak («årsrekneskapsforskrifta»). Banken har valt å utarbeida rekneskapen etter årsrekneskapsforskrifta § 1-4, 2. ledd b) som inneber at rekneskapen blir utarbeida i samsvar med IFRS med mindre anna følger av forskrifta.

I høve til årsrekneskapsforskrifta har selskapet valt å rekneskapsføra utbytte og konsernbidrag frå dotterselskap i samsvar med regnskapslova sine vedtak.

Tal i noter er angitt for konsern viss ikkje anna er presisert i den enkelte note når tal for morbank og konsern er samanfalande eller uvesentleg forskjellige.

STANDARDAR, ENDRINGAR OG FORTOLKINGAR TIL EKSISTERANDE STANDARDAR SOM IKKJE ER TRÅDT I KRAFT OG KOR FØRETAKET IKKJE HAR VALT TIDLEG ANVENNING

Det er ingen nye IFRS-standardar eller IFRIC-fortolkingar som ikkje er tradd i kraft som forventast å ha ein vesentleg påverknad i banken sin rekneskap.

SAMANDRAG AV VESENTLEGE REKNESKAPSPRINSIPP

Rekneskapen er presentert i norske kroner, og alle tal er vist i heile tusen, med mindre anna er spesifikt angitt.

SEGMENTINFORMASJON

Driftssegment blir rapportert slik at dei stemmer med rapportar for segmenter i høve til den interne rapporteringa i Hjelmeland Sparebank.

INNTEKTSFØRING

Inntektsføring av renter etter effektiv rentemetode blir nytta for balansepostar som blir vurdert til amortisert kost og for fordringar som vurdert til verkeleg verdi i balansen og amortisert kost i resultatet med forskjellen i endring i verkeleg verdi og resultatføring etter amortisert kost presentert over andre inntekter og kostnader. For renteberande balansepostar som blir vurdert til verkeleg verdi over resultatet inntektsføres den nominelle renta løpande, mens verdiendringar blir rekneskapsført ved periodeslutt. Renteinntekter på engasjement som er kredittforringet blir berekna ved bruk av effektiv rente på nedskriven verdi. Renteinntekter på engasjement som ikkje er kredittforringet, blir berekna ved bruk av effektiv rente på brutto amortisert kost (amortisert kost før avsetning for forventastap).

Den effektive renta er den renta som får noverdien av framtidige kontantstraumar for lånet si forventast løpetid til å bli lik bokført verdi av lånet ved første gangs balanseføring. Kontantstraumane inkluderer etableringsgebyr, samt eventuelt restverdi ved utløpet av forventast løpetid.

Renteinntekter på finansielle instrumenter klassifisert som utlån blir inkludert på linja for netto renteinntekter. Gebyr og provisjonar blir resultatført etter kvart som tenesta blir ytt. Gebyr for etablering av låneavtaler inngår i kontantstraumane ved å rekna amortisert kost og inntektsføra under netto renteinntekter etter effektiv rentemetode. I andre driftsinntekter inngår blant anna gebyr og provisjonar knytt til betalingsformidling, kredittformidling og verdipapirtenester.

Resultatføringa skjer når tenestene er levert.

Utbytte frå investeringar blir resultatført på det tidspunkt utbyttet er vedtatt på forstandarskapsmøtet.

23



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

Document ID:
8351DC07016F43B325398E7156C8476D

Inntektsføring i dotterselskap skjer etter opptjeningsprinsippet som normalt vil vera leveringstidspunktet for varer og tenester. Kostnader tas med etter sameinstillingsprinsippet, det vil seia at kostnader tas med i same periode som tilhøyrande inntekter inntektsføres

FINANSIELLE INSTRUMENTER – INNREGNING OG FRAREGNING

Finansielle eigendelar og forpliktingar blir rekna inn når banken blir part i instrumentet sine kontraktsmessige vilkår. Finansielle eigendelar blir rekna frå når dei kontraktsmessige rettane til kontantstraumar frå dei finansielle eigendelane avsluttar, eller når føretaket overfører den finansielle eigendelen i ein transaksjon der all eller tilnærma all risiko og fortjenestemoglegheiter knytt til eigarskap av eigendelen blir overført.

Finansielle forpliktingar blir rekna i frå på det tidspunkt retten til dei kontraktsmessige vilkåra er innfridd, kansellert eller avslutta.

Dersom det blir gjort modifiseringar eller endringar i vilkåra til ein eksisterande finansiell eigendel eller forplikting blir instrumentet behandla som ein ny finansiell eigendel dersom dei reforhandla vilkåra er vesentleg forskjellige frå dei gamle vilkåra. Dersom vilkåra er vesentleg forskjellig blir dei rekna frå den gamle finansielle eigendelen eller forpliktelsen, og en ny finansiell eigendel eller forplikting blir rekna inn. Generelt blir et utlån vurdert til å være ein ny finansiell eigendel dersom det blir skrive ut ny lånedokumentasjon, samtidig som det blir tatt ny kredittprosess med fastsetting av nye lånevilkår.

Dersom det modifiserte instrumentet ikkje blir vurdert å vera vesentleg forskjellig frå det eksisterande instrumentet, blir instrumentet rekneskapsmessig sett på å vera ei vidareføring av det eksisterande instrumentet. Ved ei modifisering som blir rekneskapsført som ei vidareføring av eksisterande instrument, blir dei nye kontantstraumane diskontert med instrumentet si opphavsrente og eventuell forskjell mot eksisterande balanseført beløp blir resultatført over ordinært resultat.

FINANSIELLE INSTRUMENTER –KLASSIFISERING

Ved første gongs rekneskapsføring blir finansielle instrument klassifisert i ein av de følgjande kategoriar, avhengig av typen instrument og formålet med investeringa.

Finansielle eigendelar blir klassifisert i gruppene:

- Amortisert kost
- Verkeleg verdi med verdiendring over andre inntekter og kostnader
- Verkeleg verdi med verdiendring over resultat

Finansielle forpliktingar blir klassifisert som:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi med verdiendringar over resultat
- Andre finansielle forpliktingar målt til amortisert kost.

Med tanke på klassifisering og måling krev IFRS 9 at alle finansielle eigendelar blir klassifisert basert på ei vurdering av banken sin forretningsmodell og kontantstraumane knytt til dei ulike instrumenta. Utlån med flytande rente er klassifisert til amortisert kost. Banken har anledning til å overføre utlån med pant i bustadeigedom til Eika Boligkreditt som har belåningsgrad under 75 %. Banken overfører utlån frå eigen balanse berre unntaksvis og berre med uvesentleg volum. Banken har derfor klassifisert utlån som kan bli overført til Eika Boligkreditt til amortisert kost.

Banken si likviditetsportefølje er klassifisert til verkeleg verdi over resultatet i høve til den forretningsmodellen som styrer forvaltninga av likviditetsporteføljen. Eigenkapitalinstrument som er strategiske investeringar, er klassifisert til verkeleg verdi over andre inntekter og kostnader utan resirkulering. Disse eigenkapitalinstrumenta er ikkje derivat eller haldne for handelsformål.

Finansielle forpliktingar blir målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. I kategorien finansielle forpliktingar til amortisert kost inngår klassene Innskot frå og forpliktingar overfor kundar og renteberande forpliktingar som sertifikat- og obligasjonsgjeld.



MÅLING

MÅLING TIL VERKELEG VERDI

Verkeleg verdi av finansielle instrument som blir omsett i aktive marknader blir fastsett med å vise til noterte marknadsprisar eller kursar frå forhandlarar av finansielle instrument. Marknaden er aktiv dersom det er mogleg å skaffa fram eksterne observerbare prisar, kursar eller renter og disse prisene representerer faktiske og hyppige marknadstransaksjonar.

For finansielle instrument som ikkje blir omsett i ein aktiv marknad, fastsett den verkelege verdien ved hjelp av ein eigna verdsettingsmetode. Slike verdsettingsmetodar omfattar bruk av nyleg tekne marknadstransaksjonar på ei amlengd avstand mellom velinformerte og frivillige partar, dersom slike er tilgjengelege, viser til verkeleg verdi av eit anna instrument som praktisk talt er det same, diskontert kontantstraumberekning eller andre verdsettingsmodellar. I den grad observerbare marknadsprisar er tilgjengeleg for variablar som inngår i verdsettingsmodellar, så blir desse nytta.

Det blir ikkje gjort frådrag for transaksjonskostnader ved fastsetting av verkeleg verdi.

MÅLING TIL AMORTISERT KOST

Finansielle instrumenter som ikkje målt til verkeleg verdi, målt til amortisert kost, og inntektene/ kostnadene blir rekna ved bruk av instrumentet si effektive rente. Amortisert kost blir fastsett ved diskontering av kontraktsfesta kontantstrøumar innafor forventa løpetid. Kontantstrøumane inkluderer og etableringsgebyr direkte, marginale transaksjonskostnader som ikkje direkte blir betalt av kunden, samt eventuell restverdi ved utløpet av forventa løpetid. Viss forventa tap er inkludert ved berekninga av effektiv rente så blir forventa tap inkludert i kontantstrøumane ved berekning av amortisert kost. Amortisert kost er noverdien av slike kontantstrøumar diskontert ned med den effektive rente med frådrag for avsetning for forventa tap.

MÅLING AV FINANSIELLE GARANTIER

Skrivne ut finansielle garantiar blir vurdert til verkeleg verdi, som ved første gangs regnskapsføring blir sett på å være mottatt vederlag for garantien. Ved etterfølgande måling blir utskrivne finansielle garantiar vurdert til det høgaste beløp av mottatt vederlag for garantien med frådrag for eventuelle resultatførte amortiseringar og forventa tap berekna etter reglene for nedskriving av finansielle eigendelar.

NEDSKRIVING AV FINANSIELLE EIGENDELAR

Under TFRS 9 skal tapsavsetningane vera rekna inn basert på forventa tap på kreditt. Den generelle modellen for nedskrivingar av finansielle eigendelar omfattar finansielle eigendelar som målt til amortisert kost eller til verkeleg verdi med verdiendringar over andre inntekter og kostnader. I tillegg er også løyve om lån som ikkje målt til verkeleg verdi over resultatet, finansielle garantikontrakter, kontraktseigendelar og fordringar på leigeavtalar omfatta.

Eit finansielt instrument som ikkje er kredittforringa vil ved første gong balanseføring få ei avsetning for tap tilsvarande 12-månadars forventa tap, og klassifisert i steg 1.

12-månadars forventa tap er noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over levetida til instrumentet, men som kan knytt til misleghald som inntreff dei første 12 månadane.

Dersom kredittrisikoen, vurdert som sannsynleg for misleghald over levetid som er igjen for ein eigendel eller gruppe av eigendelar, er sett på å ha auka vesentleg sidan første gangs innrekning skal det blir gjort ei tapsavsetning tilsvarande noverdien, bestemt ved bruk av den effektive renta, av det tapet som er forventa å inntreffe over heile den forventa levetida til eigendelen, og eigendelen skal bli reklassifisert til steg 2.

For utlån klassifisert i høvesvis steg 1 og 2 berekna renta basert på brutto balanseført verdi og avsetninga for tap er normalt modellbasert.

Dersom det oppstår en kredittforringing, skal instrumentet flytta til steg 3. Renteinntekter blir då rekna inn basert på netto balanseført verdi og tapsavsetninga blir sett normalt på individuell basis.

25



This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity
of the document.

Document ID:
6351DCC7916F43B325398E7156C8476D



For ytterlegare detaljer blir det vist til IFRS 9.

NEDSKRIVINGSMODELLE I BANKEN

Forventa tap på kreditt (ECL) i steg 1 og 2 blir rekna som $EAD \times PD \times LGD$, diskontert ned med effektiv rente. Eika har utvikla eigne modellar for utrekning av kva som er sannsynleg for misleghald (PD) og tap gitt misleghald (LGD). Bankens systemleverandør Skandinavisk Data Center (SDC) har, på vegne av Eika, vidare utvikla løysing for eksponering ved misleghald (EAD), berekning av tap og modell for vurdering om eit engasjement har hatt vesentleg auke i kredittrisiko sidan første gong rekna inn, som banken har valt å nytta. Nedskrivingsmodellen er ytterlegare beskrive i note 2.

OVERTAKING AV EIGENDELAR

Eigendelar som blir overtatt i forbindelse med oppfølging av misleghaldne og nedskrivne engasjement, blir verdien ved overtakinga sett til verkeleg verdi. Slike eigendelar blir klassifisert i balansen etter sin art. Etterfølgande verdilvurdering og klassifisering av resultatteffekt følger prinsippa for den aktuelle eigendelen.

PRESENTASJÓN AV RESULTATPOSTER KNYTT TIL FINANSIELLE EIGENDELAR OG FORPLIKTINGAR TIL VERKELEG VERDI

Realiserte gevinst/(tap) samt endringar i estimerte verdier på finansielle instrument til verkeleg verdi over resultatet, inkludert utbytte, blir tatt med i rekneskapen under "Netto gevinst/(tap) på finansielle instrumenter" i den perioden dei oppstår.

SIKRINGSBOKFØRING

Hjelmeland Sparebank nyttar ikkje sikringsbokføring.

MØTREKNING

Finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar blir motrekna og presentert berre når banken har ein juridisk rett til å handheva motrekna og når banken har til hensikt å gjera opp på nettogrunnlag.

Inntekter og kostnader blir ikkje motrekna med mindre det blir kravd eller tillat i høve til IFRS.

VALUTA

Transaksjonar i utanlandsk valuta blir omrekna til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir omrekna til norske kroner ved å nytta kurs på balansedagens. Ikkje-pengepostar som målt til historisk kurs uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til norske kroner ved å nytta valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som målt til verkeleg verdi uttrykt i utanlandsk valuta, blir omrekna til valutakursen fastsett på balansetidspunktet. Valutakursendringar blir resultatført løpande i rekneskapsperioden.

Rekneskapen blir presentert i norske kroner, som er bankens funksjonelle valuta.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel omfattar bygningar, tomter og driftslauspore, og er vurdert til anskaffingskost trekt frå akkumulerte avskrivningar og nedskrivningar. Anskaffingskost for varige driftsmiddel er kjøpspris, inkludert avgifter /skattar og kostnader direkte knytt til å setta anleggsmiddelet i stand for bruk. Utgifter påkomne etter at driftsmiddelet er tatt i bruk, slik som løpande vedlikehald, blir resultatført, mens andre utgifter som er forventa å gi framtidige økonomiske fordelar, blir balanseført. Det er nytta lineære avskrivningar for å allokera kostpris over driftsmiddelet si brukstid.



IMMATERIELLE EIGENDELAR

Immaterielle eigendelar vil bli rekna inn når krava til balanseføring er til stade. Immaterielle eigendelar ervervet separat balanseføres til kost. Økonomisk levetid er enten bestemt eller ubestemt. Immaterielle eigendelar med bestemt levetid blir avskrive over økonomisk levetid og testa for nedskrivning ved indikasjonar på dette. Avskrivingsmetode og – periode blir vurdert minst årlig.

Goodwill oppstår ved kjøp av verksemd og er forskjellen mellom anskaffingskost og verkeleg verdi av netto identifiserbare eigendelar i verksemda på oppkjøpstidspunktet. Goodwill ved kjøp av delar i tilknytt selskap vil være inkludert i investeringar i tilknytt selskap. Goodwill blir ikkje avskrive, men den er gjenstand for en årlig nedskrivningstest med sikte på å avdekke et eventuelt verdifall, i samsvar med IAS 36. Ved vurdering av verdifall går vurderinga føre seg på det lågaste nivå der det er mogleg å identifisere kontantstrumar.

NEDSKRIVNING AV VARIGE DRIFTSMIDDEL OG IMMATERIELLE EIGENDELAR

Ved kvart rapporteringstidspunkt og dersom det ligg føre indikasjonar på fall i varige driftsmiddel og immaterielle eigendelar sin verdi, vil eigendelen sitt beløp for gjenvinning bli estimert for å berekna eventuell nedskrivning. Beløp for gjenvinning er det høgaste av eigendelen sin verkelege verdi med fråtrekk av ved sal og bruksverdi.

Eigendelen sin balanseførte verdi blir nedskreven dersom balanseført verdi er høgare enn estimert beløp for gjenvinning.

INVESTERINGSSEIGEDOM

